



Arkoconsult As  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/8818 - 23/713

Saksbehandlar:  
Mette Robertsen  
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:  
05.01.2023

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 1/293 Flatøy**

Tiltak: bustad  
Byggjestad: Gbnr: 1/293  
Tiltakshavar: Bolig & Eiendom As  
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.12.2022.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Eigendommen er omfatta av Reguleringsplanen for Flatøy Vest plan ID nr. 125619890001. Bustadene i området kan oppførast i inntil 1 1/2 høgde jf. § 6. Administrasjonens vurdering er at tiltaket krev dispensasjon frå § 6 når det gjeld høgde gitt ved tal etasjar. Me gjer merksam på at alle dispensasjonar må nabovarslas.
2. Viser elles til punkt 12 i følgebrev/ redegjørelse. Det er noko uklart kva dette gjeld. Dersom det ikkje er kryssa av for at De søker fritak frå TEK, so vert det lagt til grunn i vedtaket at tiltaket skal oppførast i samsvar med TEK. Ber om at det vert gjort greie for dette høvet.
3. Når det gjeld grunnforhold, må ansvarleg søkjar vurdere om De kan dokumentere trygg byggjegrund jf. pbl § 28-1 og 29-5, med opplysningar som ligg føre i dag.
4. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg via privat veg. Rettigheter til å nytta den private vegen må dokumenterast.
5. Det er ved søknad krysset av for at tiltaket skal knytast til privat avløpsanlegg. Administrasjonen antar at dette er ein inkurie ettersom det i utgreiinga er opplyst om at tiltaket vil få tilkopling til kommunalt vann og avløp. Fint om De kan gjere greie for om administrasjonens vurdering er riktig.

For ordens skuld nemnes at det går fram av KDP Meland plan ID nr. 1256-20190001, at reguleringsplanen er vidareført, men med suppleringar/ endringar som bestemt i føresegn 4.7.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan 01.03.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden. Gje beskjed dersom De treng lengre frist.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennlig helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Mette Robertsen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Arkoconsult As  
Bolig & Eiendom As

Postboks 103  
Stølen 26

5291 VALESTRANDSFOSSEN  
5911 ALVERSUND